

Huldresegner fraa Høgsfjord.

Ved
R. Tveteraas.

Der inne millom del høge fjelli i Høgsfjord fekk eg høyra eit og anna um huldrefolket, daa eg for mange aar sidan budde der ei tid. Jamt hende det at folk tala um ein mann som hadde mykje aa fortelja um dette, naar ein berre kunde. faa han til. . Men han visste nok at folk helst baddc det til glis og laatt, og difor var det ikkje alltid so lett aa faa han til aa slaa inn paa dette.

Tollag Brække heitte han, og eg hadde lenge god hug til aa faa røda med honom. So fekk eg høyra ein dag at han agta seg til byen. Eg gjekk daa til honom og spurde um eg kunde faa vera med. Jau, det var ingen ting ivegen. Eg kunde berre koma.

Det var ein ven vaardag med sol yver fjell og sjø. Tollag var ein blid og godsleg gamal mann, han drog færingen paa sjøen og stelte til alt som i skulde vera. So sette me oss i baaten og seig ut fraa bryggja paa Meling.

Og no vart det god tid til. aa tala saman: Det varde ikkje lenge fyrr samrøda tok den rette leid, og Tollag var glup til aa fortelja.

Hev du nokon gong sett dei underjordiske ? spurde eg.

Nei, det hev eg ikkje, men høyrt dei hev eg daa likevel. Eg gjekk ein sumardag seint um kvelden framum Lerangsvaagen, ikkje eit menneskje var ute paa arbeid. Men so høyrdie eg at det tok til aa tusla eit stykke fraa meg — og so tok dei til aa slaa — fyrst med stuttorven, og so med langorven. Eg forstod godt kva dette var for slaattekurar, og daa dei tok til med langorven, laut eg mest læ slik som dei dreiv paa. Ja, det trur eg sagta.

Desse huldrefolki — heldt han fram — del ættar fraa Adam, dei og, men fraa Eva ættar dei ikkje,

Eg vart forviten. Korleis veit du det, Tollag?

Han studde aalbogarne paa knei og let aararne liggja stille. Og so tok han til: Denne bibelen vaar er ikkje heile bibelen. Det er den sjette Moseboki som vantar. Dei lærde vil nok ikkje me skal faa vita, kva som staar i ho. Men paven hev sagta heile bibelen kan du vita. Og i sjette moseboki staar det, at Adam fyrst var gift med eit kvende som heitte *Lilia*. Med henne hadde han mange born, sume var utifraa vene, men sume var ljote. Dette lika ikkje Adam, og daa Vaarherre ein gong vitja honom, tok Adam alle dei vene borni og gøynde dei. Daa so Vaarherre bad um aa faa sjaa borni aat Adam, fekk han sjaa berre dei ljote. Hev du ikkje fleire born? spurde Vaarherre. Nei, sa Adam. Men daa sa Vaarherre: Vel, det som er gøynt kan vera gøynt. Og alt det som sidan ættar fraa dei vene borni, kan me ikkje sjaa. Det er dei underjordiske.

So tok Tollag nokre sterke aaretak, so han fekk fart paa baaten. Men tankarne arbeidde vidare og snart fekk eg vita meir.

Dette at Adam hadde ei kona, fyrr han vart gift .med Eva. det kan me sjaa av vaar eigen bibel og. Du veit, at daa Vaarherre leidde Eva til Adam, daa sa Adam: *Denne gongen* er det kjøt av mitt kjøt og bein av mine bein. Han kunde ikkje sagt *denne gongen*, um han ikkje hadde hat ei kona fyrr, maavita. Huldrefolket ættar fraa Lilia, fyrsta kona aat Adam. Og vene er dei mest alltid.

Baaten for no fram gjennom det smale sundet ved Tingholmen. Mot sud laag landet med skogklaedde bakkar,. Der maatte vera herleg for huldrefolket aa halda til. Kanskje sat der ei liti huldrumøy med sylgjor og annan stas — men me saag ho ikkje.

Tollag rodde iveg, trutt og smaatt. Kjenner du nokon som hev set huldrefolket? spurde eg.

Ja, det er ikkje so faae som hev set dei — heist fyrr i tidi, svara Tollag roleg. Her er mange her inne i Høgsfjord som ættar fraa huldrefolket, fraa ho som vart gift med ein gut fraa Eikeskog — ja det hev du vel høyrt fyrr. Nei, det hadde eg slett ikkje. Og so fortalde Tollag del han visste.

Det var ein mann fraa Eikeskog i Frafjorddalen. Han var uppe i Norddalens, som ligg ovanum Molaug, og hogg.ved. So kom ei ung gjenta mot honom, framifraa ven, so han aldri hadde set maken. Han forstod, kva det var for slag gjenta, og han visste, at um han. fekk kasta staal yver henne, so vart ho fanga. Han hadde ei reim um live, og i reimi hang eit ljaalag av staal — det kasta han yver gjenta so fort han kunde. Daa kom ho graatande til honom — no kunde ho aldri koma til sine eigne meir, og hadde han fyrst gjort henne ei slik ulukka, so maatte han daa ikkje visa henne fraa seg.

Nei, det var ham slett ikkje tenkt paa aa gjera. Ho kunde berre fylgja han heim — aldri skulde han tenkja paa aa jaga henne or heimen.

So fylgte ho heim til Eikeskog, og ikkje lang tidi etter tok dei til aa baka og bryggja, for no skulde, det verta brudlaup. Det skulde vera utifraa gromt, og der kom folk fraa Espedalen og Giljadalen og Fossan og sjølvsagt mange fraa Frafjorddalen. To dagar fyrr brudlaupsdagen møtte alle til brudlaupet. Den gongen var det ikkje noko kyrkja paa Fossan, so del laut reisa til Høle. Dei reid fraa Eikeskog til Frafjordøyri, brur og brudgorn fyrst, del hine etter. Fraa Frafjordøyri maatte dei daa i baat til Høle.

Men so hende der noko uventa. Bruri hadde aldri fyrr vore i baat, og ho lika ikkje ferdi yver sjøen. So reiste ho seg og gjekk iland, og med eingong var ho burte, dei saag ikkje hyren av henne. Folk undrast og vilde snu heimatt. Kva skulde dei gjera paa Høle, naar del ikkje hadde bruri med? Men brudgomen meinte, at var han so langt komen, so vilde han lengre, dei skulde berre halda fram. Dei so gjorde, men daa dei rodde utetter fjorden, tyktest dei høyra at det tona i hamrar og haugar paa Mæle og Helle og Rossavik. So mjuk og ven ein tone hadde dei ikkje høyrt fyrr.

So kom dei til Høle og tok land i Apalstø, som vanleg. Der maatte dei fli seg og skifta klær, og daa dei heldt paa med dette, visste dei ikkje ordet av fyrr bruri stod ved sida aat brudgomen, so blid og ven som aldri fyrr. So gav dei seg paa vegen til kyrkja, og daa del kom til Hølemyra; tok kyrkjeklokken til aa ringja av seg sjølv.

Presten tala uvanleg godt den dagen, og daa han var ferdig, sa han til brudgomen: Du haver faaet den vakreste brud som jeg nogensinde haver viet. So gjekk alle til Apalstø att, og der vart bruri liksom litt underleg av seg, ho stod og saag nordetter fjordcn, liksom ho venta paa noko. Brudgomen vart var dette og spurde kva som stod paa. Ho svara, at ho vilde ikkje folket skulde slita so tungt paa heimvegen som dei hadde gjort utetter. So tok det til aa gula og blaasa, det auka til ein frisk nordanvind, so det vart sagta raad aa koma til Frafjord naar det laga seg so makalaust. Bruri var med paa baaten denne gongen. Det var ein otteåring, nokon hardsiglar hadde han aldri vore, men denne dagen strauk han framme alle del hine og til Frafjord kom han 1/2 time fyrr nokon annan. So rusla dei upp til Eikeskog, og bruri var so glad og lett at ho tok til aa syngja. Daa heldt spelemannen upp, han berre lydde. I 8 dagar tura dei brudlaup og sidan livde dei two baade godt og vel i mange aar. Dei vart velhaldne folk og fekk mange born. Fraa dei ættar mange høgsfjordbuar den dag i dag.

Me var no komne til Gandalfjorden, og ikkje lenge etter tok me land i Leirvik i Stavanger. Der skulde Tollag stansa og selja veden sin. Eg bad farvel og sa som sant var, at dette hadde vore ein sers hugnadsam tur. So rusla eg inn til by en — han laag i sol og i vaardraumar med himmelen breid og blinkande yver seg.

R. Tueteras.

(Fra Ætt og Heim)